

## Fylkesmannens rapport etter kartlegging av fem hordlandskommunar sitt arbeid med kvalifiseringsprogrammet

Fylkesmannen skal, ifølgje sitt embetsoppdrag, kartleggje kommunar med få deltakarar i kvalifiseringsprogrammet. Formålet med kartlegginga er å undersøkje om det er sosialhjelpsmottakarar som, til tross for at dei har behov for kvalifiseringsprogram, ikkje har fått tilbod.

Fylkesmannen har tilsynsansvar med kvalifiseringsprogrammet, jamfør sosialtenestelova paragraf 9.

### **Utveljing av kommunane som er med i kartlegginga**

Med utgangspunkt i månadsrapportar som Statistikkseksjonen i Arbeids- og velferdsdirektoratet utarbeider, har Fylkesmannen plukka ut fem av kommunane i Hordaland som har langt færre deltakarar i kvalifiseringsprogrammet enn det ein kunne forvente ut frå kommunens innbyggartal i alderen 20 – 66 år. Vi har basert vår utveljing på Arbeids- og velferdsdirektoratets tal per 30. juni 2014 og på SSB sine befolkingstal per 31. desember 2013.

Fylkesmannen sendte sitt kartleggingsbrev til kommunane den 23. september, med svarfrist 6. oktober. Vi fekk svar frå fire av dei fem utvalde kommunane, og vi mottok svara i tidsrommet 16. oktober – 17. november.

### **Status for kvalifiseringsprogrammet i dei utvalde kommunane**

Eit av Nav-kontora kjende ikkje att talet som Fylkesmannen opererte med, ettersom dei i realiteten hadde langt fleire deltakarar i kvalifiseringsprogrammet. Tala, som blir rapporterte manuelt frå kommunane til Arbeids- og velferdsdirektoratet, kan sjølvstilt innehalde feil. Den aktuelle kommunen hadde ti deltakarar då dei mottok brevet frå Fylkesmannen, ikkje fire som vi hadde lagt til grunn. Kommunen reknar med å ha femten deltakarar i 2015, mot to i byrjinga av 2014.

Eit anna kontor, som har potensial for fleire deltakarar enn dei seks dei hadde rapportert om per 30. juni, har i løpet av 2014 arbeidd med å skaffe seg oversikt over alle tenestemottakarane med behov for tilpassa oppfølging frå Nav. Dei reknar med at dette arbeidet vil medføre at talet på deltakarar i kvalifiseringsprogrammet doblar seg i løpet av våren 2015.

Dei siste to Nav-kontora, som hadde ingen og ein deltakar per 30. juni, opplyser at dei har god oversikt over tenestemottakarane sine og at dei fortløpande vurderer kven som kan vere i målgruppa for kvalifiseringsprogrammet. I oktober månad hadde det eine kontoret ein aktuell kandidat som dei jobba med, og det andre kontoret hadde auka sitt tal på deltakarar frå ein til tre.

Fleire kontor peiker på at god oversikt over kontorets tenestemottakarar er sentralt for å kunne tilby dei rette personane deltaking i kvalifiseringsprogrammet.

Eit kontor peiker på at deira arbeid med å betre kvaliteten på arbeidsevnevurderingane har ført til at kontoret fekk fleire deltakarar.

### **Kompetanse**

Tre av dei fire Nav-kontora har tatt stilling til kva som er nødvendig kompetanse når det gjeld arbeidet med kvalifiseringsprogrammet. Det som går igjen hjå alle er at det er nødvendig med kjennskap til regelverket, arbeidsmarknaden og interne rutinar. Det fjerde Nav-kontoret viser til at dei tilsette, som arbeider med kvalifiseringsprogrammet, har sosialfagleg utdanning. Dei fleste kontora meiner at deira tilsette, samla sett, har den nødvendige kompetansen for å kunne arbeide med kvalifiseringsprogrammet på ein god måte.

Kompetansen blir halde ved like ved at rettleiarane samarbeider og oppdaterer kvarandre. Dei fleste kontora opplyser at deira tilsette er med på nettverkssamlingane som Fylkesmannen arrangerer.

### **Kva er til hinder for at kommunen skal få fleire deltakarar i kvalifiseringsprogrammet**

Eit Nav-kontor meiner at deira største problem i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet var for dårleg oversikt over kontorets tenestemottakarar. Dette er no retta opp, og det har medført at fleire vil få tilbod om å delta. Eit anna Nav-kontor meiner at det ikkje er noko som hindrar dei i å få fleire deltakarar i kvalifiseringsprogrammet, men dei peikar på ulike utfordringar dei støyter på i sitt arbeid.

Utfordringar eller hindre som kommunane møter i sitt arbeid med kvalifiseringsprogrammet :

- Arbeidet med kvalifiseringsprogrammet kan opplevast som ressurskrevjande
- Det å ha få deltakarar i programmet, kan i seg sjølv virke som eit hinder
- Kontoret har ikkje tenestemottakarar med nedsett arbeids- og inntektsevne som er klare for å gjennomføre eit program på 37 ½ timer per veke
- Kontoret har få personar som går på full sosialhjelp over tid. Mange mottar sosialhjelp i tillegg til uførepensjon eller introduksjonsstønad
- Inngangsvilkåra tek ikkje høgde for at ein person «berre» har språklege utfordringar

### **Fylkesmannens vurdering**

I svara frå kommunane kjem det fram at dei aktuelle Nav-kontora tilbyr kvalifiseringsprogrammet i den grad dei meiner det er grunnlag for det. Kontora skriv at dei har god oversikt over, og kjennskap til, sine sosialhjelpsmottakarar, og dei meiner at det vil sikre at dei som har behov for kvalifiseringsprogram får tilbod. Fylkesmannen er samd i at god kjennskap til sosialhjelpsmottakarane er viktig, men vi vil peike på at rett kompetanse er like så viktig for å kunne vite kven som har rett på kvalifiseringsprogram.

Statens hus, 18. desember 2014